



Stål- og Landbruksbygg AS  
Tjøllingveien 416  
3280 TJODALYNG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13115 - 20/49201

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
12.08.2020

## Ferdigattest tilbygg driftsbygning - gbnr 445/33 Manger

**Administrativt vedtak:** Saknr: 810/20  
**Tiltakshavar:** Øystein Hafnor Kolstad  
**Ansvarleg søkjar:** Stål- og Landbruksbygg AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til driftsbygning landbruk på gbnr 445/33.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.**

**Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 23.05.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.07.2020.

### Skildring

Adresse:	Radøyvegen 1616
Bygningstiltak:	Hus for landbruk - tilbygg
Bygningsnummer:	176119594-1
Bruksareal:	635m <sup>2</sup>
Vatn/avlaup:	Offentleg

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13115

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Stål- og Landbruksbygg AS  
Øystein Hafnor Kolstad

Tjøllingveien 416 3280  
Radøyvegen 5936  
1616

TJODALYNG  
MANGER